

## Mælumsenga og Ulvenenga (gnr. 73)

To gardsbruk i øvre Søre Ål står i ei lita grunne for seg, det gjeld Mælumsenga og Ulvenenga. Namna viser til at både desse bruka eingong i tida låg under kvar sin Ringsakergard: Mælum og Ulven. Og dette må ha vore før Mælumsenga kom under Holen og før Ulvenenga kom under Roterud. Vi er altså tilbake i ei tid da Ringsaker dreiv eit slags landnåm i Fåberg, men sikkert med lovlege midler. Noko eige for desse namna er det og at dei lenge sikkert har vore både kjent og brukt i talemålet, men i dei skrivne kjelder kjem dei seint inn, og da først i tingbøkene. Dette må ha seg slik at både bruka, som namna og fortel, svært lenge vart brukt som engjer, inngjerda utmark, som nok vart hausta kvart år, men det budde ikkje folk der året rundt. Riktignok kan ein høre folk fortel at namnet Ulvenenga viser til at det var så mye ulv der, og at han skal ha gått heilt inn i husa der når han var ute på rov. Men dette kan truleg vera rett, sjølv om opphavet til namnet er Ulven. Om Ulvenenga er det elles her i verket meir å finne ut under grn. 74 Roterud.

Når det gjeld Mælumsenga, vart bruket i eldre tid og kalla Holssvea eller Holshagen. I matrikkelframlegget for Fåberg av 1819 er såleis namnet Mælumsenga i det heile ikkje å finne, men det er om Holsveen fortalt at det var 20 mæling slåtteland. Dertil er det om Holshagen fortalt at det var to bruk, øvre og nedre Holshagen, som hadde 1 hest isaman, og elles var det 4 naut på kvart av bruka. I eit skjøte av 1814 er derimot dei same bruka og kalla "Mælumsengen", og det går vidare fram at seljaren da heitte Peder Ellingsen og kjøparen Halvor Pedersen. Halvors ettermann, Ole Halvorsen, skjøta i 1831 Mælumsenga vidare til Peder Christensen og Paul Hansen. Men ni år seinare gav skifteforvaltaren i Paul Næstingens bu skjøte på Mælumsenga til kjøpmann O. J. Sæther. Kjøpmann Sæther hadde så Mælumsenga til i 1842, da han selde garden til distriktslege Kjølstad. I 1840-åra var elles Mælumsenga atter på handel, men i 1850 kjøpte så Kristian Kristensen Hattestad grd. Mælumsenga og busette seg der. Han brukte elles framleis familinamnet Hattestad, og frå hans tid kunne ein og høre at Mælumsenga some tider vart kalla Hattestadenga.

Frå 1832 var det dessutan vorte 2 bruksnr. Mælumsengen. Forutan brn. 1 som Paul Næstingen da hadde, var det og eit brn.2 Mælumsenga som kjøpm. Ormsrud da var eigar av. men i 1852 gav enkemann S. Ormsrud skjøte til Asbjørn Kristensen Høstmælingstuen for kjøpesum 280 spd.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Mælumsenga som "C. Hattestad" da hadde, fortalt at det samla jordbruksareal der av åker, eng og seterlykkjer tilsm. utgjorde 38 mål, og av dette var 6 mål jord av 1. klasse. På Mælumseng, som Kristen A. Røslituen i den tid var eigar og brukar av, var dei tilsvarande tal: 47 mål og 9 mål jord.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. – Mælumsenga i Fåberg fekk da eige nytt gardsnummer, nr. 73, og det var da 4 brn. under grn. 73. Det var: grn. 73, brn. 1 Mælumsengen av skyld 0,70 mark, og da med Kristian Kristensen Hattestad som eigar og brukar, brn. 2 Mælumsengen, skyld 1,02 mark, eigar eller brukar: Kristen Asbjørnsen, brn. 3 Holsveen, skyld 2,02 mark, eigar ell. brukar Jørgen Iversen Sorgendal, brn. 4 Holsveen av skyld 0,29 mark med Ole Pedersen som eigar ell. brukar.

Ved kommunevalet i 1901 var det 5 personar med røysterett i Mælumsengen. det var: 1. Gardbr. Ole Kristiansen Mælumseng, 53 år. 2. Anne Olsdtr., kona hans, 47 år, 3. Føderådsmann Kristian Rasmussen, 80 år, 4. Simen Arnesen Nymoen, gardbrukar, 52 år, 5. Ragna Johannesdtr., kona hans, 38 år. – Ein merker seg at dette var i den tid da røysterettsalderen var 25 år.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det vidare skjedd dei skifte at på Mælumsengen av skyld 1,03 mark, hadde Peder Johannessen Høstmælingshaugen overtatt garden. På brn. 3 Holssveen av skyld 2,02 mark var Th. Enger blitt eigar og brukar, og brn. 4 Holssveen var da overtatt av Peder Olsen.

Av handlar med Mælumsengen i seinare tid tek vi elles med at Ole Kristiansen Mælumsengen hadde garden til i 1923, da han skjøta Mælumsenga over til sonen, lærar Kristian Hattestad.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 ver det også da 4 bruksnr. under gardsnr. 73, men av desse var det berre to bruk som hadde eit jordbruksreal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da.). Dei to bruka var: a. Grn. 73 brn. 1 Mælumsengen med eit jordbruksareal av ca. 50 mål, som lærar K. Hattestad framleis var eigar av, og brn. 2 Mælumsengen, areal ca. 45 mål, som Ole M. Bjørneby da var eigar og brukar av.

Ole Kristiansen Hattestad og hustru Anne Olsdtr., som var brukarfolk i Mælumsengen i 41 år, hadde 6 born. Det var: 1. Kristian født 1878, 2. Marie f. 1879, 3. Lina, 4. Oline f. 1884, 5. Oskar Ragnvald f. 1888, 6. Alf f. 1897.

Alf Hattestad f. 1897, som utdanna seg som militær befalingsmann, vil vera kjend for sin kloke og uredde innsats som områdesjef for heimestyrene i Oslo-området under krigen i 1940-45.